



Tilsaman 6 aspirantar var med på konserten. Her ser vi Katrine, Anna Simone, Malena og læraren Linas.

Aspirantane i Skulemusikken tel 6 musikantar. På torsdag, dagen før skulefri, heldt dei minikonsert for alle som går på SFO. Dei spela mellom anna Bjørnen sover, Fader Jacob, Flåklypa, Puff, den lille dragen og Fager kveldsol smiler. Konserten var også ei førebuing til konsert og basar søndag 8. april i Aktivitetshuset.

Skulemusikken har for tida 13 aktive medlemmer, ein har permisjon og 6 er som sagt aspirantar. Dei har opplæring i regi av Kvinnherad kulturskule. Linas er instruktøren deira.

Alle elevar i 2. og 3. klasse må merka seg dagen onsdag 6 april. Då vert det noko ein kallar Prøveblås. Alle elevane vert med skriv heim inviterte til Kulturskulen og Skulemusikken for å prøva eit instrument og få informasjon om denne fritidsaktiviteten.

Tekst/nett: Kristian Bringedal
Foto: Anja Struter



SFO borna var eit lydhøyr og godt publikum.